



Valdres-krim: «Joker til høyre» er den tredje boka frå forattar Kjell H. Mære.

Denne legg du ikkje frå deg

Kjell H. Mære:
«JOKER TIL HØYRE»
200 sider
Commentum

Det er berre å glede seg over bok nummer tre frå krimforfattar Kjell H. Mære. Mannen som til dagleg er journalist i avisa Valdres er på marknaden med sin tredje krim, og den gnistrar frå første setning.

Hovudpersonen er nok ein gong politifyrstebetjent Thor Due ved Fagernes lensmannskontor, truskuldig, spontan og ærekjær. Han må ta seg av ein død ordførar og ein forsvunnen høgremann.

Hovudscena ligg i Vestre Slidre, men i løpet av forteljinga blir me

tekne med langt bakanfor det tidlegare jernteppet. Enorme hytteverdiar lokkar til seg investorar med mykje pengar av tvilsamt opphav. Sjølv den beste kan miste fotfestet når austblokkmafiaen kjem på banen.

Forfattaren sjonglerer leikande lett mellom fleire parallelle historier. Til slutt samlar han trådane inne i ei stølsbu ved Nøsen. Lik blir det nok av, så mange at det snart må vera fullt i nabodalføret. I neste bok håpar me Due må til Hallingdal i andre ærend enn berre ein heisatur til Gol. Sjølv om politidistriktet blir eit anna, skulle det vel vera plass til ein fem-seks intrikate dødsfall på denne sida av fjellet også.

OLAV J. BØTHUN